

Klima- og miljøstrategi 2023–2028

Vedteke 27.9.2022

Visjon:

**Nynorsk for hovud og
hjarte til heile landet**

Hovudmål frå strategien

Institusjonen vurderer følgjene for økonomi, personell, klima/miljø og universell utforming i alle saker

Suksesskriterium frå strategien

Handling: Alle styresaker vurderer konsekvensar for økonomi, klima/miljø, universell utforming og personell.

Tal: Del av Administrativ handbok som er revidert for å ta omsyn til klima/miljø, universell utforming og personell

Verdiar:

**Samlande
Kreativ
Påliteleg**

Samfunnsoppdrag:

**Me aukar kunnskapen
og medvitet om nynorsk
skriftkultur**

A Status

NK vedtok første gong klima- og miljøstrategi i styremøtet 26. august 2021.

Overordna grep som vart gjort i denne planen var:

- Administrasjonssjef har ansvar for å følge opp klima- og miljøarbeidet i verksemda.
- Frå og med denne strategiplanen skal klima- og miljøvurdering følgje alle styresaker og tiltak.
- Flyreiser vert registrert og kartlagt i eige skjema frå 2022
- Alle produkt i butikkane blir gått gjennom med omsyn til materialval og transport

Grep for turnéverksemda vår som er gjennomført

- Redusere flyreiser i samband med turnear
- Redusere postsendingar av utstillingar

Grep for arenaene som er gjennomført

- Kjeldesortering på alle pauserom, og innføre betre system på kjøkkenet i Aasentunet
- Redusere flyreiser og stimulere til samkøying for utøvarar og tilsette
- Tilby vegetariske/veganske tilbod på lik linje med andre mattilbod
- Prioritere kortreist og lokalprodusert mat
- Årleg gjennomgang av energiforbruket med vekt på sparing
- Planlegging av trygg sykkelparkering for gjester og tilsette
- Krav til miljøkrav i innkjøp

Det kan vere aktuelt å søkje Miljøfyrtårn-sertifisering. Det krevst etablering/ formalisering av ca. 100 tiltak/ rutinar for å få dette på plass.

B Gjennomgang av prioriterte mål

Mål og suksesskriterium i strategi

Relevante mål og suksesskriterium står på framsida av dette dokumentet. Her er dei presisert og konkretisert som grunnlag for vidare oppfølging i denne strategien. Ein del mål og suksesskriterium er dekkja av fleire planar og strategiar.

Mål og suksesskriterium i strategi	Institusjonen vurderer følgjene for økonomi, personell, klima/miljø og universell utforming i alle saker	Del av Administrativ handbok som er revidert for å ta omsyn til klima/miljø, universell utforming og personell.
Presisering og konkretisering	Malar for styredokument og planar skal innehalde krav om utgreiing av klima- og miljøkonsekvens	Rutinemalen vert oppdatert, og alle rutinar vert gått gjennom for desse fire omsyna.
Prioritert tiltak	Malar for styredokument og prosjektdokumentering blir oppdaterte.	Rutinemalen vert oppdatert

Eksterne krav og signal

Denne gjennomgangen er for å sikre at andre krav og signal enn dei prioriterte mål og suksesskriteria blir følgd opp.

Eksterne krav og signal	Tilskotsbrev
Krav	Både frå fylkeskommune og departement er det krav om å tilpasse drifta klima og miljø, og å rapportere for kva me gjer.
Signal	
Prioritert tiltak	Gjennomføre tiltaka og måla for perioden.

Berekraftig drift av organisasjonen

Denne vurderinga vert gjort for å følgje opp det strategiske målet om å vurdere konsekvensar for klima/miljø, universell utforming, personell og økonomi i alle saker.

Berekraftig drift av organisasjonen	Klima og miljø	Universell utforming	Tid, kompetanse og arbeid	Økonomi
Utfordring	No-stoda er svakt kartlagt.	Kjeldesortering er ikkje universelt tilgjengeleg.	Klima- og miljøansvar er uklart fordelt.	NK har eit reisebudsjett på over 2,3 millionar kroner i 2022, men ikkje tilstrekkeleg

				oversyn over klimaeffekt.
Prioritert tiltak	Kartlegge klimastatus årleg	Kjeldesortering blir tilpassa universell utforming ved kvar arena	Klima- og miljøoppgåvene er fordelt til kvar avdeling/leiar i dette dokumentet.	Greie ut og vurdere anbod på reisebyråtenester.

C Tiltaksliste basert på måla

Årlege tiltak

Tiltaka er i prioritert rekkefølge, og blir konkretisert og prioritert i den årlege handlingsplanen. Dei første tiltaka blir prioritert først når ein skal prioritere mellom tiltaka.

Nr	Tema	Mål/ tiltak	Ansvar
1	Kartlegge	Kartlegge klimastatus for organisasjonen ved hjelp av VIRKE sitt verktøy eller liknande	Arbeidsmiljøutvalet
2	Planlegge	Sette årlege budsjettmål for flyreiser/ flybudsjett på avdelingsnivå, styret og større arrangement/ prosjekt	Administrasjonssjef
3	Kartlegge	Klima og miljø skal vere halvårleg sak på alle avdelingsmøte	Administrasjonssjef
4	Kartlegge	Forbruket skal målast og reduserast. Det skal vere særleg fokus på papirbruk, kafétilbod og aktiviteter for skule, barnehage og familiar.	Administrasjonssjef
5	Planlegge	Minst eitt arrangement i året skal tematisere klima/ miljø	Formidlingsleiar

Tiltak gjennom perioden

Tiltaka er i prioritert rekkefølge, og blir konkretisert og prioritert i den årlege handlingsplanen. Dei første tiltaka blir gjort tidleg i perioden, og dei siste vert gjort ved tid og høve seinare i perioden.

Nr	Tema	Mål/ tiltak	Ansvar
1	Rutinar	Klima og miljø er del av rutinemalen	Administrasjonssjef
2	Rutinar	Mal for styredokument og prosjektdokumentering vurderer tilhøva for klima i alle saker	Direktør
3	Rutinar	Greie ut og vurdere anbod for reisebyråtenester	Administrasjonssjef
4	Planlegge	Ein tilsett i Fellesfunksjonar får koordinerande ansvar for miljø- og klimatiltak	Administrasjonssjef
5	Rutinar	Revidere rutinen 17.7 Reisebestillingar med tydelegare rutinar for fly og flybruk	Økonomi og administrasjon
6	Rutinar	Revidere ABC for vakthavande	Arena Aasentunet Arena Vinjesenteret Arena Haugesenteret
7	Rutinar	Fastsetje innkjøpsstrategi og rutine	Administrasjonssjef
8	Rutinar	Fastsetje sjekkliste for grøne arrangement	Formidlingsleiar
9	Rutinar	Etablere strategi for redusert energibruk på kvar arena med konkrete energimål	Administrasjonssjef
10	Rutinar	Vurdere sertifisering som miljøfyrtårn	Styret
11	Rutinar	Skriftleggjere rutinar for redusert matsvinn og emballasjebruk i butikk og kafe	Arena Aasentunet Arena Vinjesenteret Arena Haugesenteret
12	Rutinar	Gjere kjeldesorteringa meir universelt utforma	Arena Aasentunet Arena Vinjesenteret Arena Haugesenteret
13	Investering	Leggje betre til rette for sykkel i Aasentunet og ved Haugesenteret	Arena Aasentunet Arena Haugesenteret